



KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 20.09.2017
Stad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Kl.: 09.00 – ca.13.00
Tilstade: Arild Tveranger (leiar), Astrid Nordanger (nestleiar), Cyril Marøy (medlem),
David Pletten Aasgard (medlem) og Siv Beate Marøy (medlem)
Innkalla: Mette Fauskanger, kommunalsjef helse og omsorg til sak 29 og 30
Jo Tømmerbakke, kommunalsjef oppvekst, til sak 31
Trine Jansen, rektor Sæbø skule, til sak 31
Sveinung Kvamme, økonomisjef, til sak 32
Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik, Nordhordland Revisjon IKS
Sekretær: Øivind Olsnes
Forfall:

.....

26/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

27/17 Godkjenning av møteutskrift

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik orienterte om at oppfølging av vedtak sak 22/17 er utsett til neste møte.

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå sist møte 29.05.17 vart godkjent.

28/17 Skriv og meldingar

Det var ingen skriv eller meldingar.

29/17 Orientering om helse og omsorg

Mette Fauskanger, kommunalsjef helse og omsorg, deltok i møtet og orienterte om saka. Det vart mellom anna peika på følgjande:

- Kommunen har mange store prosjekt under arbeid med grunnlag i budsjettvedtak
- Har oppretta ruskoordinator frå juni 2017 for å få oversikt over behov og til å samordna tiltak innan rusomsorga.
- Vert i tillegg gjennomført førebyggjande tiltak for ulike aldersgrupper

- Er nyleg gjennomført ei undersøking – «Ungdata» – som skal gje grunnlag for vidare planlegging og tiltak
- Er behov for å lage ein bustadsosial handlingsplan – er i oppstartsfase
- Skal starte «pårørande skule» for familiar som har personar med demens
- Har laga lokal forskrift for tildeling av sjukeheimplass og heildøgns omsorgsbustad. Har no god kapasitet og ikkje ventelister for tilbod
- Samhandlingsreforma har medført endra grunnlag for inntak til sjukeheim
- Planlegg eventuelt ny felles kommuneoverlege med Meland
- Har ulike prosjekt for bruk av IKT-system som skal effektivisera og redusera internt dobbeltarbeid
- Er sett av 2.5 millionar kroner til kjøp av gjennomgangsbustad
- Har fått 300.000 kr i skjønsmidlar frå fylkesmannen til gjennomgang av drifta ved «Omsut» - refusjonar med meir
- Prosjekt vedkomande pasientsikkerhet ved «Omsut»
- Felles prosjekt for 10 kommunar om velferdsteknologi, Masfjorden har prosjektansvar. Deltok også i eige felles prosjekt med Meland og Lindås innan dette området. Skal arr. konferanse i haust med informasjon om prosjektet.
- Helse- og omsorgsplan er under arbeid
- Utfordringar ved integrering av flyktningar – samarbeid med frivillige

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for god orientering og tek informasjonen til orientering.

30/17 Orientering om prosess for samanslåing av felles barnevern

Mette Fauskanger, kommunalsjef helse og omsorg deltok i møtet og orienterte om saka. Det vart mellom anna peika på følgjande:

- Radøy har fått overført tildelte prosjektmidlar
- Radøy kommune har ansvar for prosjektgjennomføringa
- Det er tilsett prosjektleiar som tek til 2. oktober – har ekstern bakgrunn
- Vert ein prosjektperiode fram til haust 2018
- Frå haust 2018 skal Radøy vere vertskommune fram til samanslåinga av nye Alver kommune pr. 1. januar 2020.
- Felles barnevernkontor skal lokaliserast i Knarvik
- Prosjektleiaren vil etter samanslåinga verte den nye barnevernsjefen i nye Alver kommune

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

31/17 Oppfølging av sak om Sæbø skule

Saka vart behandla før sak 27/17.

Leiar innleia om bakgrunn for saka.

Jo Tømmerbakke, kommunalsjef oppvekst og Trine Jansen, rektor Sæbø skule, deltok i møtet og orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Det vart mellom anna informert om følgjande:

- Rapportar frå fylkesmannen sitt tilsyn i 2016
- Avvik etter tilsyn frå Fylkesmannen er retta opp
- Det er kome lovendring med nytt kap. 9A om rettar for elevane sitt skulemiljø. Fylkesmannen skal etter ny lov handsame saker dersom det ikkje skjer ei lokal oppfølging innan 5 dagar etter at den har vore til meld skulen av elev/føresette
- Malar for vedtak og rutinar er endra
- Har gjennomført endringar i internkontroll og tiltaksplanar for oppfølging
- Gjennomført opplæring av personale ved alle skular for å sikre samsvar og lik oppfølging av den nye lova
- Oppfølging og kontakt med føresette sett i fokus
- Ulike tiltak som er gjennomført generelt i kommunen i høve utfordringar med sosiale media og forbod om mobilbruk
- Erfaringsutveksling og deling mellom skulane
- Gjennomført endringar i høve bruk av uteområdet ved Sæbø skule
- Skulen har tilsett ein miljørettleiar som har tett kontakt med elevane med fokus på sosiale tilhøve – halvårleg prosjekt, 100 % stilling
- Administrasjonen vil foreslå større tiltak med uteområde i neste års investeringsbudsjett

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet fekk svar på spørsmål og takkar for god orientering.

32/17 Samanslåing av økonomikontora for Lindås, Meland og Radøy

Sveinung Kvamme, økonomisjef, deltok i møtet og orienterte om saka.

Det vart mellom anna informert om følgjande:

- Skal etablerast eit Felles løn og rekneskapskontor pr. 1. august 2018
- Lindås er vertskommune – lokalisering i Knarvik
- Tilsette i Meland og Radøy får tilbod om verksemdsoverdraging
- Radøy går inn med 4 stillingar
- Nytt kontor får 14 tilsette ved oppstart
- Ein del oppgåver vert ikkje overført frå dei tre kommunane
 - personal, lønsforhandlingar, pensjonsrådgjeving
 - økonomi, budsjett, innkjøp, controlling
- 9-kommuneprosjekt (felles for alle kommunane i Nordhordland) skal definere ny database-struktur frå 1.1.2018
- Mål å standardisere ulike prosedyrar

- Elektronisk intern flyt av data for lønn og faktura frå driftseiningar
- Innføring av eBudsjettt og andre modular som reduserer manuelle operasjonar
- Nye modular er under førebuing – til dømes husleigeadministrasjon
- Erfarar at dobbelregistrering av data er redusert og oppnår tidlegare datafangst
- Det er ei kompetanseutfordring på alle nivå
- Auka behov for kontroll og oppfølging
- Auka trong for vedlikehald av grunnsystem og tilgangsstyring

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for god informasjonen og tek saka til orientering.

33/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Kontrollutvalet diskuterte møteprotokollar frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader.

34/17 Eventuelt

Neste møte i kontrollutvalet er 15. november kl. 09.00

Saker til neste møte:

- Orientering om status for samanslåingsprosessen for nye Alver kommune / fellenemnda sitt arbeid
- Godkjenning Prosjektplan selskapskontroll - Sambandet Vest AS (oppfølging sak 22/17)
- 2. tertialrapport for 2017

Manger, 20.09. 2017


Arild Tveranger /leiar


Øivind Olsnes /sekretær